



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Arbeidsdepartementet
postmottak@ad.dep.no

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		41161/2012/F00	Ingunn Bekken Sjøholm, 71 25 87 18	28.06.2012

NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak - høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla den 25. juni saka om NOU 2012:6 *Arbeidsrettede tiltak*. Det vart gjort følgjande vedtak:

"Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er opptatt av at attføringsbedriftene får føreseielege rammer som gjer det mogleg for dei å planleggje verksemda si. Fylkesutvalet er derfor skeptiske til forslaga om nytt betalingssystem der ein går bort frå rammebetaling og auka bruk av anbud. Desse tiltaka vil gjere det vanskeleg for dei mindre attføringsbedriftene å halde fram med drifta si.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er av den oppfatning at fordelane med dei større endringane som ligg i modell 2 og 3 er for dårleg dokumentert, og vil derfor tilrå departementet å gå for modell 1 Individretting og førehandsgodkjenning.

Fylkesutvalet meiner det må utarbeidast tydelegare mål for tenestene og at det må stillast tydelegare kvalitetskrav til bedriftene. Benchmarking er eit verkty som har vist seg å vere nyttige for kvalitetsmåling, også i kommunesektoren. Fylkesutvalet er samd i at det må gjerast effektevalueringar for å vurdere korleis dei arbeidsretta tiltaka fungerer og korleis kvar tiltaksbedrift fungerer. Førehandsgodkjenning av attføringsbedrifter må skje basert på kvalitet og kompetanse. Organisasjonsform og eigarskap skal ikkje vere avgjerande."

Med helsing


Jon Aasen
fylkesordførar


Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann